

03 spesialpedagogikk

2009 årsabonnement kr 450,-

side 04 **Er «kjempebra» godt nok?** side 12 Hva barn forteller – om ferdigheter, følelser og sosiale relasjoner etter å ha deltatt i et behandlingsprogram side 24 Vi lærer for lite av kvarandre



Den lille forskjellen



Arne Østli

Ja, men.... eller ja, og.... Det var det første jeg tenkte på da jeg leste artikkelen til forskerne Engelsen, Eide og Meling fra Høgskolen Stord/Haugesund. De har gått nærmere inn på læreres vurderingskompetanse i et prosjekt som de gjør rede for i dette nummeret av Spesialpedagogikk. Lett retorisk reiser de spørsmålet: «Er *kjempebra* godt nok?» Det er en tankevekkende artikkel på flere måter, bl.a. mener de å kunne belegge at såkalt faglig svake elever får tilbakemeldinger mer knyttet til innsats og oppførsel enn det de kaller faglige framovermeldinger.

Det er ikke lenge mellom hver gang vi leser i faglitteraturen at relasjonen mellom lærer og elev er av stor betydning både for læringsutbytte og sosial trivsel. I den sammenhengen kan, naturlig nok, de tilbakemeldinger eleven får fra læreren være av stor verdi. Dette er noe vi vet, men praktiserer vi det vi vet på en god måte, og er vi bevisste nok i det vi sier? Har vi egentlig god kompetanse i det å gi gode tilbakemeldinger?

Den engelske psykologen Hugh Williams var i forbindelse med en evalueringskonferanse i 2007 for Fin stil-opplegget opptatt av at vi i tilbakemeldinger til elever har veldig lett for å si: *Ja, men.....* For eksempel når en elev skal ha en kommentar eller vurdering av noe han har gjort: «*Ja*, dette greide du fint, *men* du kan jo enda bedre, eller du kunne nok gjort mer med» Det er i det at vi har så lett for å føye til et *men* etter ja at problemet ligger. Det opphever det som var bra. Ved å bytte ut *men* med *og* kan vi vri tilbakemeldingen til noe som gjør at eleven blir ved det som var bra, og i tillegg kan han få noe som peker framover. Det blir mer konstruktivt.

Hvis vi tenker etter, er det sikkert noen hver av oss som husker en god tilbakemelding fra egen skolegang. Det kunne være etter at vi hadde fått til et stort og vanskelig regnstykke hvor vi følte at vi hadde gjort en skikkelig innsats, en tegning vi hadde slitt med eller god innsats i gymnastikktimen. Jeg vil gjette på at vi ikke har så vanskelig for å komme på en tilbakemelding som fikk betydning. Det viser hvor viktig tilbakemeldinger er. Og hvis du tviler på «Den lille forskjellen» så ta deg tid til å tenke litt på det – og kanskje prøve.

Arne Østli

Arne Østli

Utgiver

Utdanningsforbundet

Redaktør

Arne Østli

Markedskonsulent

Aud Jansson

Design

Tank Design AS

Trykk

Bryne Stavanger Offsett

Spesialpedagogikk
Hausmannsgt. 17, Oslo
Postboks 9191 Grønland
0134 Oslo
Telefon 24 14 20 00
Telefaks 24 14 21 57
redaksjonen@spesialpedagogikk.no
www.spesialpedagogikk.no

Annonser

Helga Kristin Johnsen
Telefon 24 14 20 58
Faks 24 14 21 57
annonser@spesialpedagogikk.no

Abonnement og løssalg

Telefon 24 14 22 46
Telefaks 24 14 21 50
Abonnement kr 450,- pr år.
For medlem/studentmedlem av Utdanningsforbundet kr 150,-
Løssalg kr 75,-. I tillegg kommer porto og faktureringsgebyr.
(Enkelte temanummer vil ha en høyere pris.) Ved kjøp av over 10 eks gis 15 % rabatt.

Utgivelse

10 nr pr år, månedlig, unntatt juni og juli. Siste uke hver måned. Gj.sn. opplag 6261 eks.

Copyright Det må ikke kopieres fra dette nummeret ut over det som er tillatt etter bestemmelsene i «Lov om opphavsrett til åndsverk», «Lov om rett til fotografi» og «Avtale mellom staten og rettighetshaverne organisasjoner om kopiering av opphavsrettslig beskyttet verk i undervisningsvirksomhet».

Årgang 74

ISSN 0332-8457



I jakten på behandling av lesevansker har lesetrening til tider hatt lav status.



Kan det vere slik at
einskilde elevgrupper
får meir og betre
undervisning
enn andre?

side 8

side 4 Er «kjempebra» godt nok? Knut Steinar

Engelsen, Tord Eide og Bjørn Meling

side 12 Hva barn forteller – om ferdigheter,
følelser og sosiale relasjoner etter å ha
deltatt i et behandlingsprogram

Tove Killi Skattkjær

side 24 Vi lærer for lite av kvarandre

Elin Kragset Vold

side 26 Mennesker med utvklingshemning
og seksualitet Wenche Fjeld (red.)

side 36 Tilpasset opplæring og inkludering av

elever med autisme Torunn Sørstad

side 44 Sosial inkludering eller isolasjon?
(Fagfellevurdert artikkel) Nils Kaland

Side 54 Eventyr og lesevansker

Anton B. Steinsholdt

side 58 Saklighet Sidsel Werner

Side 59 Bokomtale

Side 60 Stillingsannonser

Er «kjempebra» godt nok?

Med utgangspunkt i prosjektet «Refleksjonsbaserte lærarmapper som reiskap for utvikling av vurderingskompetanse» skriv forfattarane i denne artikkelen om nokre erfaringar knytt til to barneskular på Stord. Hovudtema for prosjektet er utvikling av vurderingskompetanse gjennom skriftleg refleksjon og målretta øving i klasserommet.

AV KNUT STEINAR ENGELSEN, TORD EIDE OG BJØRN MELING

Eitt av dei utviklingsområda som har fått mest merksemd i norsk skule dei siste åra har vore lærarane sin vurderingskompetanse. Først og fremst dreier dette seg om den formative vurderingskompetansen, altså om korleis lærarane praktiserer læringsdialogen med elevane. Utgangspunktet for at dette feltet har blitt løfta fram så sterkt er fleirsidig. For det første har læringsforskning i det siste samla seg om å løfte fram eit sentralt aspekt, nemleg at den viktigaste faktoren for god læring er kvaliteten på læraren sin undervisningspraksis. Då tenkjer ein først og fremst på korleis læraren handterer læringsdialogen med eleven. For det andre har både norsk og internasjonalt evalueringsarbeid kritisert norsk skule for at lærarane ikkje er klare og faglege nok i sin måte å gje tilbagemelding til elevane på. Det blir for mykje av innhaldslause tilbagemeldingar som til dømes «Kjempebra!» og «Godt jobba!», og for lite av fagleg orienterte framovermeldingar, om kva elevane kan gjere for å bli betre. Det tredje forholdet, som også bygger opp under denne tendensen, er det faktum at såkalla sosiokulturelle læringsperspektiv gjennom dei siste åra har fått så sentral plass i den pedagogiske diskusjonen, både nasjonalt og internasjonalt. Felles grunnmur for desse perspektiva er at dei ser på læring som noko som føregår i samgangen mellom den lærande og den meir kompetente andre, innafor det Vygotsky kallar for den næraste utviklingssona. På denne måten blir altså læraren og kvaliteten på læraren si undervisning verkeleg satt på dagsorden.

I denne artikkelen vil vi, med dette som bakteppe, drøfte nokre erfaringar vi har gjort oss med eit forskings- og skuleutviklingsopplegg knytt til to barneskular på Stord. Fokus i

Norges forskningsråd

Denne artikkelen er den første av flere hentet fra Forskningsrådets program «PraksisFou». I kommende numre av Spesialpedagogikk vil vi trykke tekster fra prosjekter knyttet til spesialpedagogiske emner innenfor barnehage- og skolesektoren. Artiklene blir vurdert og valgt ut sammen med formidlingskoordinatorer for programmet, professor Bente Aamotsbakken. Vi ønsker at innleggene skal gi beskrivelser av situasjoner, enkelthendelser eller refleksjoner som knytter seg til det jevne arbeidet i prosjektene. Tekstene i denne serien kommer derfor til å by på noe annet enn det du leser i forskningsrapporter og vitenskapelige avhandlinger og artikler. Vi håper du har glede av lesningen.



Se også www.forskningsradet.no hvor du kan finne informasjon om alle prosjektene i programmet.

opplegget er på utvikling av lærarane sin vurderingskompetanse, der munnleg og skriftleg refleksjon knytt til eigen praksis er det sentrale verkemiddelet.

Eit av dei aspekta vi vil drøfte i artikkelen er kva som ligg av utfordringar når det gjeld å stimulere ulike typar elevar til læring. I vår ståstadundersøking fann vi m.a. indikasjonar

på at der fagleg sterke elevar får faglege framovermeldingar frå læraren får fagleg svake elevar meir sosialpedagogiske tilbakemeldingar knytt til innsats og oppførsel. På same måte ser det ut for at aktive elevar har vesentleg meir kontakt med lærar enn passive elevar. I dette ligg også at læraren på eige initiativ synest å ta oftare kontakt med aktive enn med passive elevar. Eit av dei overordna spørsmåla dette har reist i prosjektdiskusjonane, der både forskarane og lærarane deltek, er om desse forskjellane har sine naturlege forklaringar og slik sett er teikn på ein god og hensiktsmessig praksis, eller kan det faktisk vere slik at einskilde elevgrupper faktisk får meir og betre undervisning enn andre? Vidare har dette ført til diskusjonar om kva som eventuelt kan gjerast for å endre praksis til det betre.

Kva seier forskinga på området?

Internasjonale vurderingspanel har fleire gonger kritisert den norske skulen for å vere for «slapp i fisken»: «...det eksisterer en kultur der elever blir for lite utfordra på skolen» (OECD)¹. «Mye tyder på at norsk skole pregast av nokså slappe krav til innsats sett i forhold til andre land» (TIMMS)².

Vi har i eigne evalueringsprosjekt møtt undring frå utlandske forskarkolleagaer som spør kvifor lærarane så ofte nyttar omgrep som «kjempebra» i dialogen med elevane, også i tilfeller der det er innlysande at eleven sine prestasjonar ikkje er særleg bra. I sin analyse av Reform 97 påpeikar Peder Haug på den eine sida at lærarane synest å legge vekt på å støtte, inkludere og skape trygge rammer for læring, medan han på den andre sida kritiserer lærarane for at dei «ofte kvir seg for å stille faglige krav»³. Haug seier også at han har observert at «Lærerne ga ofte positiv tilbakemelding selv når det helt klart ikke var noe å gi ros for». I sine oppsummerande refleksjonar beskriv Peder Haug vidare ei unnvikande og passiv lærarrolle – den «tilbaketrunkne lærer» som overlet i alle fall deler av aktiviteten i skulen til elevane sjølve og deira initiativ og interesse.

I Stortingsmelding 31 sitt kapittel om tilbakemeldingar vert evalueringa av Reform 97 oppsummert med at denne «avdekket en kombinasjon av bruk av allmenn ros og fråvær av eksplisitte og klare faglige standardar»⁴. Samtidig vert det vist til at forskarane fann at tilbakemeldingar til elevane

ofte var «korte og generelle av typen «flott» og «du er flink»», men utan konkretisering av kva elevane er flinke til, eller kva dei må jobbe meir med. Kirsti Klette har funne mykje av det same i sine observasjonar, og viser til at «lærerne svært ofte kommenterte elevenes arbeid som «fint» og «flott», uavhengig av elevenes arbeidsinnsats og kvaliteten på produktet de framviste»⁵.

Generelt sett indikerer forskinga på området at undervisninga i liten grad er prega av tilbakemeldingar som stimulerer elevane til å stille seg sjølve spørsmål av typen «korleis heng dette saman med det eg har lært før». I følgje Jarl Inge Wænes og Erling Lars Dale⁶ kan ein slik praksis føre til at elevane ikkje får god nok hjelp til å lære seg å forstå kva ein god prestasjon er.

Skulen tek utfordringa

Det er altså måten læraren løyser læringsdialogen med eleven på som både blir kritisert og sett på dagsorden her. Sjølv om einskilde lærarar signaliserer at fokuset på læraren har vore for negativt og at presset har blitt for stort, er det mange gode eksempel på at skuleeigarar og lærargrupper grip utfordringane konstruktivt for å få til endringar, både på individ og systemnivå. Når det gjeld kompetanseutvikling på området vurdering, har også nasjonale organ som Utdanningsdirektoratet og Forskningsrådet lagt betydelege ressursar i potten.

Kva gjer vi og kva søker vi å oppnå?

Prosjekt «Refleksjonsbaserte lærarmapper som reiskap for utvikling av vurderingskompetanse» (RLM) er både eit skuleutviklings- og eit forskingsprosjekt, finansiert av Norges Forskningsråd og Høgskolen Stord/Haugesund. Hovudtema for prosjektet er utvikling av vurderingskompetanse gjennom skriftleg refleksjon og målretta øving i klasserommet. Konteksten er 4. til 7. klasse på to barneskular. Til saman 11 lærarar og 2 rektorar frå to skular i Stord kommune er involvert, saman med ei forskargruppe på 7 frå Høgskolen Stord/Haugesund og Universitetet i Bergen.

Det overordna målet er å bidra til utvikling av ny, forskingsbasert kunnskap om korleis lærarar tileignar seg ulike former for vurderingskompetanse. Implisitt i dette ligg at


Vi fann indikasjonar på at der fagleg sterke elevar får faglege framovermeldingar frå læraren får fagleg svake elevar meir sosialpedagogiske tilbakemeldingar knytt til innsats og oppførsel.

ein skal studere kva roller didaktisk vurdering og refleksjon, forutan formativ og summative elevvurderingsmåtar spelar i høve til kompetanseutvikling i praksisfeltet. Intensjonen er å forske på dette i lys av faglege ulikskapar, for å finne meir ut av korleis ulike metodar høver i dei ulike faglege settingane, og kva metodar som bidreg mest til læring. I dette biletet vil vi også sjå på korleis lærarane sin eigen refleksjonsprosess knytt til vurdering i ein breiare forstand, spelar saman med sjølve elev- og studentvurderinga.

På den eine sida søker ein gjennom prosjektet å oppnå endring, både når det gjeld den einskilde læraren sin praksis, forutan skulane og lærarutdanninga som organisasjonar og kultur. På en andre sida søker vi som forskarar, gjennom metodisk triangulering, å forstå i kva grad og korleis endringane skjer og kva kvalitetar som ligg i endringane. Sentralt i aktiviteten står munnleg og skriftleg refleksjonsarbeid. Dei skriftlege refleksjonane vert samla i det vi kallar digitale individuelle og kollektive refleksjonsmapper der lærarane både reflekterer over eigen praksis, og der lærarane og forskarane gir kommentarar til refleksjonane. Det munnlege søker vi forskingsmessig å fange ved hjelp av ulike etnografisk orienterte datainnsamlingsmetodar som observasjonsnotat samt transkripsjon av video- og lydopptak frå ulike typar samspelsituasjonar, og intervju. I tillegg til dette nyttar vi oss av meir kvantitativt orienterte datainnsamlingsmåtar som elevskugging og spørjeundersøkingar.

Denne artikkelen legg hovudvekt på å synleggjere korleis vi organiserer aktiviteten knytt til sjølve skuleutviklingsprosessen, og å drøfte nokre funn frå sjølve ståtdadsanalysen som vart gjennomført i innleiingsfasen av prosjektet.

Lærarane sitt refleksjonsarbeid kan synleggjerast ved hjelp av følgjande figur:



I samråd med forskargruppa studerer lærarane sin eigen og kollegaene sin praksis, skriv refleksjonar knytt til denne og drøftar erfaringar med kollegaer og forskarar. Utgangspunktet for aktiviteten er eit sett med kriterium for god vurderingspraksis som vart utvikla av lærar- og forskargruppa, gjennom ein omfattande prosess, i byrjinga av prosjektet. Desse dannar så «ankeret» i både lærarane sin refleksjonsprosess og forskargruppa sin forskingsmessige analyse. I opplegget fokuserer vi først og fremst på dei formativt orienterte kriteria:

- **Merksemdskriteriet:** Læraren ser og har dagleg læringsfremjande verbal kontakt med den enkelte elev
- **Kompetansekriteriet:** Lærarens tilbakemeldingar har kompetansemåla og auke i elevens kompetanse som sikte (ikkje berre «figurativ kunnskap», dvs. det eleven «gjer og får til» - i staden for det eleven kan gjengi)

- *Måloppnåingskriteriet:* Lærarens tilbakemeldingar gir informasjon om kor eleven står i høve til kompetansemåla i faget
- *Forventnings- og motivasjonskriteriet:* Lærarens tilbakemelding signaliserer forventningar og er læringsstøttande og positivt forsterkande (oppmuntrande/motiverande)
- *Informasjonskriteriet:* Lærarens tilbakemelding gir hjelp og retning for fagleg framgang og gir informasjon om kva ein god prestasjon er
- *Leksekriteriet:* Læraren gir respons/tilbakemelding på elevens heimearbeid
- *Diagnostiseringskriteriet:* Elevsamtalen/dialogen vert bevisst nytta både diagnostisk og som eit verktøy for den formative vurderinga
- *Kartleggingskriteriet:* Kartleggingsprøvar vert nytta som grunnlag for læringsstøttande vurdering.

Kva var utgangspunktet?

I sine oppsummeringar og råd til lærarane løftar dei New Zeelandske utdanningsforskarane John Hattie og Helene Timperley⁷ fram tre spørsmål som lærarar kan nytte for å analysere sin eigen tilbakemeldingspraksis. Dei ber læraren stille seg sjølv følgjande spørsmål: «Har eg hjelpt elevane til å kunne svare på følgjande»:

1. Kvar skal eg? (Feedup)
2. Kvar er eg? (Feedback)
3. Korleis skal eg gå vidare? (Feedforward)

I følge Olga Dysthe⁸ er det punkt 3 elevane er mest misnøgde med. Det er også denne type tilbakemelding som er mest krevjande for læraren. I ståstadsanalysen som vi gjennomførte i starten av vårt prosjekt såg vi spesielt på lærarane sin tilbakemeldingspraksis, og vi var spesielt merksame på skiljet mellom tilbakemeldingar av typen «Feedback» og «Feedforward».

Data til analysen vart mellom anna samla inn ved å skugge elevar gjennom heile dagar, der vi noterte synlege kontaktar mellom lærar og elev, utifrå nokre kategoriar som forskargruppa hadde definert på førehand. Lærarane var ikkje kjende med kva elevar det var vi skugga. Analysen gav

oss nokre interessante indikasjonar på praksis i klasseromma som både passar inn i, men også nyanserer det biletet som både norske og internasjonale vurderarar har gitt:

Lærarane ser alle elevane: Trass i at lærarane kanskje har over 20 elevar med ulike føresetnader å forhalde seg til, legg dei stor vinn på å «sjå» og gje merksemd til alle elevane i gruppa. Både våre eigne observasjonar og lærarane sine refleksjonar viser at dette er eit viktig aspekt ved lærarane si rolleforståing. Det er viktig å vise alle elevane, også dei som ikkje krev så mykje merksemd, -at dei blir sett.

Lærarane gir meir tilbakemelding enn framovermelding: Undersøkinga tyder på at lærarane legg stor vekt på å vise elevane kva som er bra og mindre bra i det arbeidet dei gjer. Dette tyder på at elevane generelt sett får mykje konstruktiv hjelp til å finne svar på spørsmålet: «Kvar er eg?».

Når det kjem til spørsmålet «Korleis skal eg gå vidare» (Feedforward) så blir biletet litt anna. I vårt materiale finn vi langt færre av denne typen kommentarar, og forskar- og lærargruppa er samde om at det her ligg eit generelt potensial for betring. Ei av dei øvingsoppgåvene lærarane har arbeidd med i høve til dette, har vore det å stille refleksjonsfremjande spørsmål til elevane. Dette har som siktemål at elevane skal få hjelp til å utvikle kompetansar eller evne til problemløysing og ikkje berre figurativ kunnskap, i samsvar med krava i Kunnskapsløftet.

Fagleg sterke elevar får meir fagleg orientert rettleiing enn fagleg svake elevar: Undersøkinga gir ein klar indikasjon på at fagleg sterke elevar har vesentleg meir fagleg dialog med læraren enn kva som er tilfelle med fagleg svake elevar. I dette ligg også at det i mindre grad blir stilt faglege krav til dei svake elevane. På den andre sida ser det ut for at dei fagleg svake elevane får meir av det vi vil kalle sosialpedagogiske tilbakemeldingar, ala «Godt jobba!», «Kjempebra!». Denne tendensen er merkbar klarare i teoretiske fag enn i praktiske.

Lærarane peikar på at det er gode naturlege forklaringar på ein slik forskjell. Dei flinke elevane spelar betre opp mot det som er fokus for undervisninga, og dialogen med dei styrkjer undervisninga på ein annan måte enn dialogen med

Kan det vere slik at einskilde elevgrupper får meir og betre undervisning enn andre?



dei svake. På den andre sida er dette eit resultat til ettertanke. Dersom vi skal legge til grunn forskinga som viser at kvaliteten på dialogen mellom lærar og elev er svært viktig for elevane si læring, kan våre funn vere ein indikasjon på ein tilbakemeldingskultur som heller forsterkar forskjellar enn utjamnar.

Litt av det same fann vi då vi samanlikna aktive og passive elevar:

Aktive elevar synest å ha vesentleg meir kontakt med lærar enn passive elevar: At elevar som er aktive får meir respons frå lærarane enn dei som er passive, er for så vidt forståeleg sidan dei oftare kontaktar lærar. På den andre sida tyder materialet vårt på at lærar også på eige initiativ tek oftare kontakt med aktive elevar enn med passive. Igjen vert det naturleg å spørje om dette tyder på at einskilde elevar får meir og betre undervisning enn andre og slik er ein indikasjon på ein praksis som forsterkar forskjellar?

Kva har vi lært til no?

Det er spesielt forholdet mellom fagleg sterke og fagleg svake

elevar som har skapt mykje engasjement, både i forskar- og lærargruppa. I diskusjonane har vi prøvd å finne svar på om våre analysar gir eit rett bilete av situasjonen, om korleis dette kan forklarast og også om kva konsekvensar ein ev. ubalanse her har for elevane. Eit sentralt tema for desse diskusjonane har vore om, eller i kva grad tilbakemeldingar til eleven som går på eleven sjølv som person, og som er meint å vere positivt forsterkande, bidreg eller ikkje bidreg til eleven si læring. Lærarane forklarar i stor grad ein praksis med å gje svake elevar generelle positive kommentarar åla «kjempebra», «godt jobba» med at svake elevar treng positiv oppmuntring for å bygge opp nødvendig sjølvtilitt. Dei forklarar vidare denne praksisen med at for tett fagleg oppfølging kan forsterke elevane si kjensle av nederlag, og slik verke demotiverande. Kva seier så forskinga om dette?

Tradisjonell behaviouristisk læringsteori legg stor vekt på positive stimuli som grunnlag for læring. Dette har hatt så sterk innverknad på praksis i skulen, at det no synest å vere ei etablert sanning. Få, om nokon, tør å utfordre dette. Det ligg liksom i læraren si ryggmargskjensle. Dei fleste vil vel også ha eigne erfaringar som byggjer opp om ei erkjenning

av at belønning og positiv forsterking gir positiv effekt, også på læring. Spørsmålet er om det verkeleg er så enkelt, eller om dette er eit forhold som treng nyansering.

Hattie og Timperley slår i sine rapportar bombastisk fast at feedback har stor betydning for læring. I dag er det mange som lyttar nettopp til desse forskarane fordi dei synest å ha så solid materiale å vise til. Hattie og Timperley bygger sine konklusjonar på meta-studier av meta-studier, og baserer analysen på resultat frå testar som femnar fleire millionar elevar i fleire kontinent. Sjølv om dei slår fast at feedback er viktig, nyanserer dei likevel ved å framheve at effekten er ulik for ulike typar feedback. Det som gir minst effekt er ros, belønning og straff (sjå Hattie & Timperley s. 83). Effekten synest å vere størst når feedback er retta inn mot korleis oppgåva er utført og særleg når den gir informasjon om oppgåver er rett utførde eller er utførde betre enn tidlegare. Ros som berre er knytt til utføring er utan effekt fordi den gir lite læringsretta informasjon, seier desse forskarane.

Hattie og Timperley tar opp seks forhold som er viktige med tanke på eleven si evne til sjølvstendig læringsarbeid:

- eleven si evne til å gi seg sjølv feedback («No var svaret rett»)
- eleven si evne til sjølvvurdering og til å utvikle kognitive strategiar («Eg får det til når eg prøver og det ikkje er for vanskeleg»)
- eleven sin motivasjon til å søke feedbackinformasjon og bruke denne informasjonen («Dette kan eg ikkje. No må eg spørje læraren»)
- eleven si tru på i kva grad den feedback han får er rett («Forsto læraren kva jeg spurte om? Var det bra det eg hadde gjort eller var det berre oppmuntring?»)
- kven eller kva eleven tilskriv årsaka til at ei oppgåve vart rett eller feil («Eg fekk det til fordi læraren forklarte det godt». Eller «Eg fann det ut sjølv».)
- eleven sine ferdigheiter i høve til det å søke hjelp («Dette trur eg Per kan. Eg kan spørje han.»)

Dette viser også kor viktig ein utvida læringsdialog er og kvifor ros eller kritikk aleine ikkje hjelper eleven i hans

læringsarbeid. Oppsummert kan ein difor seie at god tilbake-melding gir eleven informasjon til hjelp for å komme vidare, gjennom mellom anna å utvikle evne til å vere sjølvstendig i læringsarbeidet sitt. Feedback som styrker eleven si evne til sjølvstendig arbeid, er også viktig med tanke på å styrke eleven si sjølvoppfatning. Men det er eit komplisert samspel mellom dette og kva eleven meiner er årsak til ein «suksess» eller eit «nederlag». Det er kjent at det som eleven meiner er årsaka til at ein har fått til ei oppgåve er viktigare for eleven si sjølvoppfatning enn det å ha lukkast i seg sjølv («Eg fekk det til fordi eg har jobba mykje.» «Eg fekk det til fordi læraren hjalp meg»).

Verknaden av ros kan slik være vanskeleg å forutsjå fordi elevar tek med seg si sjølvoppfatning når dei søker eller får tilbakemeldingar retta mot seg sjølv som person. Tilbakemeldinga blir tolka, og elevar med god sjølvtilitt tolkar ofte positive tilbakemelding som resultat av eigen dyktigheit, mens svakheiter og svake prestasjonar blir sett på som eit resultat av ytre årsakar («Dårlig lærar» eller «Eg hadde ein dårleg dag.»). Usikre elevar tolkar ofte gode prestasjonar som resultat av ytre forhold («flink lærar») og dårlege prestasjonar som resultat av indre faktorar («Eg er ikkje flink»).

Det kan difor ha liten effekt på eleven si kjensle av sjølvtilitt og evne til å prestere, om ikkje eleven er i stand til å relatere feedback til kvifor prestasjonen er god eller dårleg. Ufortent og uklar ros kan auke usikkerheita om resultatet og kan føre til «sjølvavgrensande» strategiar («Læraren meinte det sikkert ikkje. Han sa det berre for å oppmuntre meg. Eg er ikkje så flink.»). Mange elevar søker ikkje hjelp fordi det kan bygge ned deira sjølvoppfatning og skape utrygghet.

Som lærarar veit vi at det er godt å få ros, og alle elevar vil av og til søkje læraren sin kommentar for å bli sett og få ei stadfesting seg sjølv som person. Men vi kan skille mellom ros som rettar merksemda bort frå oppgåva og mot personen («Du har vært flink»), og ros retta mot innsatsen, sjølvregulering, engasjement eller arbeidet med oppgåva («Bra arbeid. Du har brukt ein god framgangsmåte. Difor har du fått klart fram det du meiner.»). Denne siste forma for ros kan, i følge Hattie & Timperley fremje sjølvstendig læringsarbeid. Det er i det heile godt forskingsmessig belegg for seie at feedback som knytter prestasjon til eigen innsats og dyktighet, aukar

Verknaden av ros kan være vanskeleg å forutsjå fordi elevar tek med seg si sjølvoppfatning når dei søker eller får tilbakemeldingar retta mot seg sjølv som person.

engasjement og bedrar prestasjonane. Det er difor ikkje slik at ein avviser at ros og belønning kan virke positivt inn på læring, men det er lite som tyder på at ros åleine fører til meir læring. Ros og belønning må følgjast av informasjon til eleven om kva ho skal gripe fatt i for å få til betre kvalitet i arbeidet sitt.

Den amerikanske forskaren Valerie J. Shute⁹ kjem også i ein omfattande internasjonal litteraturstudie med tilsvarende konklusjon. Ja, ho går faktisk så langt som å åtvare mot å bruke ros i tilbakemeldinga til elevane, og grunngir dette med at ros fører til at fokus vert flytta frå det faglege til det personlege. På same måte som Hattie og Timperley, oppsummerer Shute sin studie med at god tilbakemeldingspraksis kan ha stor innverknad på læring. Men ho presiserer samstundes at dette betyr tilbakemelding som er gitt på korrekt måte, og påviser i studien sin at ulike typar feedback høver til ulike situasjonar og til ulike typar elevar. Mellom anna løftar ho fram forskning som viser at svake elevar tener på rask feedback, og på drøftande tilbakemeldingar som tek utgangspunkt i elevens eige arbeid, meir enn tilbakemelding som knyter seg til generelle læringsmål. Dette siste kan jo vere ei utfordring i vår tid, der fokus på måloppnåing har så sterkt fotfeste i sentrale styringsdokument for skulen.

Det er tankevekkjande når forskinga er så klar på at positive tilbakemeldingar som står åleine i liten grad synest å vere læringsfremjande. Samstundes vil nok norske lærarar halde på trua på at positive kommentarar i seg sjølv har ein verdi, også når det gjeld eleven si læring. Noko som tangerer denne diskusjonen er trivselsaspektet. Finske skular skårar høgt på fag i PISA men lågt på trivsel, medan norske skular har motsatt profil. Vi skårar godt på trivsel. Men treng dette berre vere eit positivt teikn når ein ser det i lys av elevane si læring? Atle Måseide problematiserer trua på at trivsel i skulen nødvendigvis er noko eintydig positivt, og spør om

PISA-resultata nettopp skuldast at norske elevar i for liten grad blir møtt med faglege krav: «Finske elevar møter krav i skolen og må følgeleg slite for å lykkast. Dette er ikkje triveleg. Norske elevar møter få krav og blir i liten grad konfrontert når dei ikkje har oppfylt krava».

Oppsummert kan ein seie at den tilbakemeldingsstrategien som ser ut vil å verke best er den som går systematisk på å hjelpe eleven til å forstå kva han må gjere for å kome seg vidare. Altså at tilbakemeldinga både tar utgangspunkt i eleven sitt arbeid og kva kvaliteten er på det som er presentert til no, og at den peikar konkret på tiltak for forbedring. Både norske og internasjonale forskarar seier at det er nettopp denne typen tilbakemelding som ikkje har stor nok plass i norsk skule, og dette er noko som også vert spegla og nyansert i vårt materiale.

Lærarane som deltek i prosjektet vårt, seier at dei til ei viss grad kjenner seg igjen i slik vi omtalar situasjonen med bakgrunn i våre data. Dette gjeld også det forholdet at det først og fremst synest å vere dei fagleg svake elevane som i minst grad får den faglege hjelpa dei treng for å kome vidare. Dei får både merksemd og tilbakemeldingar som bidreg til å styrkje sjølvkjensla, men slik hjelp treng ikkje automatisk føre til fagleg framgong – sjølv om vi i Norge har hatt stor tru på det. Lærarane forklarar situasjonen med at det er vanskeleg å trekke dei svake elevane inn i klasseromdiskusjonen, då dette ofte fører til fagleg avsporing. Det er lettare å spele på dei flinke og bruke dei for å halde oppe kvaliteten i undervisninga. På den andre sida erkjenner lærarane at dei har ei utfordring her, og at det her trengs bevisst arbeid for å utvikle både den individuelle og den kollektive praksisen til det betre.

Eit nøkkelspørsmål i det vidare refleksjonsarbeidet blir difor å finne ut av korleis ein kan utfordre dei svake elevane gjennom tilpassa fagleg rettleiing, og samstundes sikre at

Ros og belønning må følgjast av informasjon til eleven om kva ho skal gripe fatt i for å få til betre kvalitet i arbeidet sitt.

dei ikkje misser kjensla av meistring. I lys av Måseide sine refleksjonar, vil vi her også trekke inn trivselsaspektet i diskusjonen, og spegle dette i høve til læringsaspektet og det å stille krav og gje faglege utfordringar til alle elevane, også dei som i utgangspunktet skårar dårlegast når det gjeld det faglege. Eit nøkkelspørsmål her er å hjelpe også dei svake elevane til å bli meir sjølvstendige i det faglege læringsarbeidet sitt.

Sjølvstendig arbeid dreier i følgje Hattie & Timperley seg om to ting. For det første sjøvvurdering – eleven si evne til å vurdere egne evner og kunnskap og kognitive strategiar, og for det andre «sjølvstyring» – eleven si oversikt og styring av eigen aktivitet, planlegging og strategiar for å korrigere egne feil i arbeidsprosessen. Elevar som lærer raskt har utvikla rutinar for «eigenmeldingsprosessar», mens mindre effektive elevar i mindre grad har slike sjølvreguleringsmekanismar. Dei er difor i større grad avhenging av ytre faktorar for feedback (læraren, medelevar, delmål, fasiten og liknande). Sett i lys av dette blir det ekstra viktig å finne gode rettleiingsstrategiar for nettopp denne gruppa, som i stor grad vil omfatte dei elevane som vi i vår undersøking har kategorisert som «fagleg svake».

NOTER

- 1 Pressemelding frå UFD 11.9.2005
- 2 Frå Aftenposten 27.9.05
- 3 (Haug, 2004)
- 4 (Stortingsmelding-31, 2007-2008)
- 5 (Klette, 2003)
- 6 (Dale & Wærness, 2006)
- 7 (Hattie & Timperley, 2007)
- 8 (Dysthe, 2008)
- 9 (Shute, 2008)

LITTERATUR

- DALE, E. L. & J. I. WÆRNESS (2006). *Vurdering og læring i en elevaktiv skole*. Oslo: Universitetsforlaget.
- DYSTHE, O. (2008). Klasseromsvurdering og læring. *Bedre skole*, 4/08, 16-23.
- HATTIE, J. & H. TIMPERLEY (2007). The Power of Feedback. *Review of Educational Research*, 77(1), 81–112.
- HAUG, P. (2004). Om tilpassa opplæring. Analyse av tilstanden i grunnskulen. *Skolepsykologi*(Årg. 39, nr 4), 3–21.
- KLETTE, K. (2003). *Klasserommets praksisformer etter Reform 97*. Oslo: Pedagogisk forskningsinstitutt.
- MÅSEIDE, A. (2008, 05.12.2008). Individrettar og fellesskapskrav. *Kronikk i Dag og Tid*.
- SHUTE, V. J. (2008). Focus on formative feedback. *Review of Educational Research*, 78(153), 153–188.
- ST.MELD. NR. 31. (2007–2008). *Kvalitet i skolen* [Quality in schools]. Oslo: Ministry of Education and Research.



Knut Steinar Engelsen er førsteamanuensis ved Høgskolen Stord/Haugesund.



Tord Eide er høgskolelektor i pedagogikk ved Høgskolen Stord/Haugesund.



Bjørn Meling er førstelektor i pedagogikk ved Høgskolen Stord/Haugesund.

Hva barn forteller – om ferdigheter, følelser og sosiale relasjoner etter å ha deltatt i et behandlingsprogram

Artikkelen er basert på en intervensjonsstudie hvor seks barn i alderen fem til åtte år er intervjuet om følelser, sosiale relasjoner og ferdigheter etter å ha deltatt på behandlingsprogrammet Dinosaurusskolen i «De utrolige årene». Studien er gjennomført i samarbeid med en Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk.

AV TOVE KILLI SKATTKJÆR



Tove Killi Skattkjær er klinisk pedagog ved Ullevål Universitetssykehus, klinikk for psykisk helse – barn og ungdom.

De utrolige årene (DUÅ) er betegnelse på en serie forebyggende og behandlende programmer utviklet av Carolyn Webster-Stratton ved University of Washington i USA. Programmene har som formål å forebygge og behandle adferdsvansker hos barn i alderen tre til åtte år, som ledd i en multisystemisk intervensjon (Webster-Stratton, et. al., 1989). Programmene i serien kan kjøres samlet eller hver for seg, og er rettet mot sentrale risikofaktorer for utvikling av adferdsvansker hos små barn. Samtlige programmer kjøres i grupper for å styrke samhold og for å gi økt støtte til deltakerne. DUÅ har tilbud om foreldreprogram, lærerprogram og barneprogrammet Dinosaurusskolen.

Å benytte barn som informanter anvendes i begrenset grad innen barneforskning, men benyttes i økende grad i forhold til barns rettigheter. Barneperspektivet er på mange måter et speilbilde av viktige sider av samfunnsutviklingen der vi først i senere år har hatt fokus på barn som selvstendige individer der deres opplevelser og erfaringer vektlegges. Forskning internasjonalt, innen multisystemiske programmer, har heller ikke hatt så sterkt fokus på barneperspektivet innen helseforskning (Reid, 2004). Det er gjort mye forskning rundt behandlingsstudier for barn med adferdsvansker, men det er forholdsvis lite forskning som er gjort med barnet selv som informant (Eyberg et.al., 1998). Dette kan bero på oppfatninger om at barn misoppfatter og strever med å skille fantasi og virkelighet. I dagens samfunn

(Sandberg, Lødrup, Kaasen, Tjomsland & Husby, 2006) vektlegges at barn i større grad må kunne tilbakemelde om egne erfaringer. Innen helseforskning vektlegges fortsatt foreldres tilbakemelding samtidig som barneperspektivet i stor grad utelates. I en forskningsartikkel om behandling av barn med adferdsvansker (Webster-Stratton, Hammond, 1997) rettes fokus på foreldrenes og lærernes rapportering av barnets adferd, men heller ikke her er det fokusert på barnets egne tilbakemeldinger.

I denne artikkelen presenteres hva slags erfaringer barna gjør og hvilke tilbakemeldinger barnegruppen har om følgende tema:


- 1) Sine sosiale ferdigheter.
- 2) Hvordan de identifiserer egne følelser.
- 3) Hvordan de kjenner igjen følelser hos andre.
- 4) Hvordan de kan få et mer tolerant og empatisk forhold til foreldre, søsken og venner.
- 5) Regler og belønning i skole og familiesituasjonen.

Dette er ferdigheter barna trenger for å komme ut av fastlåste samspillmønstre.

Intervensjonen

I studien ble seks barn intervjuet etter å ha deltatt i DUÅs barneprogram (Dinosaurusskolen). Siktemålet har vært å trekke frem deres egne opplevelser av deltakelsen. Studien er gjennomført i samarbeid med en Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP). Barna har vært til behandling

Figur 1. «De utrolige årene» etter Carolyn Webster-Strattons program for barn, foreldre og lærere. (Copy-right Carolyn Webster-Stratton).



ved poliklinikken og har deltatt i en gruppe på seks barn. Tre jenter og tre gutter er intervjuet. Ett av barna var ikke opprinnelig norsktalende. Dette er barn som sliter med ulik grad av adferdsvansker. Barna har vært på 22 ukentlige gruppemøter på DUÅs barneprogram gjennom en ni måneders periode. Observasjonene i barnegruppen og påfølgende intervjuer ble gjennomført fra januar 2005. Barnas alder varierer fra fire til åtte år med følgende fordeling: Ett barn (jente) fire år og to barn (jente og gutt) 5 år. Ett barn seks år (jente) og to barn (begge gutter) 8 år.

Ledelse av barnegruppen To gruppeledere (terapeuter) tilknyttet DUÅ-prosjektet ledet barnegruppen. Begge har lang erfaring med DUÅs barneprogram og har gjennomført flere barnegrupper med faglig veiledning fra erfaren kliniker. Terapeutene benytter Barneprogrammets manual som spesifiserer innholdet i hvert enkelt gruppemøte med barna.

Gruppesamlinger Barna treffes til ukentlige gruppesamlinger for å styrke sin sosiale kompetanse. De lærer å kjenne igjen og forstå følelser, løse problemer, hvordan få venner og hvordan gjøre det bra på skolen. Gjennom deltakelse på «Dinosaurusskolen» skal barnet styrke ferdigheter og strategier for selvkontroll, problemløsning og sinnemestring (Fossum, Mørch, 2005). I Dinosaurusskolen benyttes store hånddukker for å fremme kommunikasjon med barna under de tema som skal diskuteres. Noen av dukkene ligner barn, mens andre dukker forestiller dyr med ulike personlighetstrekk.

Det optimale tilbudet i DUÅs programserie, er at de mest utfordrende barna deltar i barneprogrammet «Dinosaurusskolen» samtidig som foreldrene deltar i foreldregrupper og førskolelærere/lærere får opplæring i lærerprogrammet. Samtlige programmer tilbys som gruppetilbud til deltakerne.

Foreldre kan gi opptil femti beskjeder i løpet av en halv time til barn som strever med adferd.

Programmet kan benyttes av kommunale hjelpeinstanser (helsestasjoner, barnevern og pedagogisk-psykologisk tjeneste (PPT) som et forebyggende opplegg, og som behandlingstilbud i barne- og ungdoms poliklinikk for psykisk helse (BUP).

Barns arena Studier av Reid og Webster-Stratton (2001) og Webster-Stratton (2003) viser at effekten av programmene økes ved å inkludere flere av de arenaer barnet ferdes på i behandlingen. I studien fra (2003) sammenlignes foreldre som bare deltar i foreldreprogrammet med foreldre som deltar i foreldreprogrammet samtidig som barna deltar på Dinosaurusskolen. Studien viser at effekten av foreldreprogrammet økes ved å inkludere «Dinosaurusskolen» i behandlingen.

I Norge kommer resultatene av å tilby foreldreprogrammet separat eller sammen med Dinosaurusskolen likt ut (Fossum, Mørch, Handegård & Drugeli, 2007). Det er imidlertid mulig at det er andre effekter av kombinasjonen foreldre som deltar på foreldreprogrammet og barn som deltar på Dinosaurusskolen. Dette kan for eksempel være at barna trives i å delta på Dinosaurusskolen, noe som i seg selv er viktig for barn som har tendenser i å bli avvist av andre barn.

Sosiale relasjoner Barn med ulike former for antisosial adferd, som eksempelvis kjennetegnes ved sterk ulydighet, aggresjon og opprørstrang fra tre års alder, kan videreutvikle sine adferdsvansker frem mot skolealder og senere (Fossum, Mørch, 2005). Dess tidligere vanskene oppstår, dess høyere risiko for vedvarende antisosialitet hos barna (Loeber, 1990). Om barna gis tilbud om forebyggende og behandlende program, er det også vesentlig å få fram informasjon om hvilke erfaringer og opplevelser barna selv har. Behandlingstilbudet til slike barn gis vanligvis i form av veiledning til foreldre og barnehage/skole. Ofte melder foreldre om kon-

fliktfylte relasjoner i forhold til samspillet med barna sine. Foreldrene i studien meldte alle om samarbeids- og samspillvansker med sine barn. Flere av foreldrene tok opp at de «kjente seg igjen» i barnas vanskelige adferd. De meldte om at barna strevde med å forholde seg til beskjeder. Webster-Stratton (2007) tar opp at foreldre kan gi opptil 50 beskjeder i løpet av en halv time til barn som strever med adferd. Dette var adferd knyttet til samhandling med andre, grensesetting og sinneutbrudd.

Følelser Forskning innenfor antisosial adferd tar opp forbindelsen mellom empati og aggresjon (Feshbach, 1997). Aggressiv adferd hos barn er korrelert med lav empatievnne. Aggressive barn har vansker med å ta «den andres ståsted» eller forstå den andres følelser. Webster-Stratton og Herbert (1994), tar opp at foreldre glemmer å spørre barna sine om hvilke følelser de har til ulike problemsituasjoner som oppstår i familien. De tar heller ikke opp med barna hvilke følelser andre barn/voksne har i tilsvarende situasjoner. Foreldre kan aktivt bidra til å hjelpe barna sine med å se den andres ståsted (Webster-Stratton & Herbert, 1994). Flere av foreldrene i studien tok opp at de ikke vektla å fortelle om eller dele egne følelser i daglige familiesituasjoner med barna.

Foreldres påvirkningskraft Forskning viser at foreldre er lite bevisste på at de er rollemodeller for sine barn gjennom hele oppveksten. Den høyeste majoriteten av ungdommer som utvikler kriminell adferd har vokst opp i familier hvor foreldre ikke har vært bevisste på sin påvirkningskraft i rollen som foreldre (Lykken, 2006). Foreldre gir i større grad spontane enn planlagte innspill som rollemodeller for sine barn (Bartel, 2006). De tenker for lite på at de lærer barna hensiktsmessige, men også uhensiktsmessige løsningsstrategier i det daglige liv (Webster-Stratton, 2007). Foreldre er

a, bla, bla, bla

Metode

Forskningstilnærming Meningsstolkning står sentralt i studien. Studien fremlegges ut fra en fenomenologisk, hermeneutisk tilnærmingssmåte (Kvale, 1996) med bakgrunn i at fenomenologisk beskrivelse inkluderer ikke bare den erfaring som barna har med Dinosaurusskolen, men også selve opplevelsen de har av sin deltakelse. Dermed blir fenomenologien, som vektlegger det subjektive som grunnlag for erkjennelse og handling, en velegnet metode.

Hermeneutisk prosess er en fortolkende prosess. Fortolkingsprosessen beskrives ofte som en hermeneutisk sirkel og er en veksling i forståelsen mellom helhet og del (Kvale, 1996). Intuitivt oppfattes teksten i en helhet, deretter tolkes de enkelte deler og til sist tolkes delene igjen til helheten. Spiralbevegelsen i en hermeneutisk sirkel gir nettopp mulighet for en utdyping vedrørende forståelsen av barneintervjuene. For å få et helhetlig inntrykk ble hele teksten fra de seks barneintervjuene gjennomgått. Deretter ble utvalgte tema og barnas utsagn i tilknytning til disse gjennomgått særskilt for å fremme barnas perspektiv. Datainnsamlingen ble supplert ved innhenting av foreldreopplysninger om barnets adferd. Dette ble gjort for å klargjøre sammenhengen mellom hva barna rapporterte under intervjuet i forhold til hva foreldrene rapporterte om barnas adferd.

Design

Ved kvalitative metoder står teksten sentralt i arbeidsma-

terialet. Ordet «kvalitativ» viser til kvalitetene som er egenskaper eller karaktertrekk ved fenomener. Kvalitativ forskning beskriver samspill og har et klart prosessfokus. Fordelen med denne fremgangsmåten er at observasjoner og intervjuer kategoriseres og det er åpning for å hente frem sammenheng mellom kategoriene. Under arbeidet med studien er det forsøkt med åpenhet for at struktur og tema (van Manen 1990) kunne bli hentet ut av datamaterialet og brukt under dataanalysen.

Barneintervjuet Samtaleguiden inneholdt tema som tas opp under intervjuene med barna. Intervjuformen betegnes som semistrukturert da det ligger frihet i å bedømme hvor nøye guiden skal følges. Det ligger også frihet i å bedømme hvor nøye hvert svar fra barna følges opp (Hammersley, Atkinson, 1987). Spørsmål er systematisk og tematisk relatert (van Manen, 1990) og følger de teoretiske betraktninger som ligger til grunn i studien og mot senere analyse over de empiriske data (Denzin, Lincoln, 2000). Samtaleguiden har i tillegg til personopplysninger (Mørch, 2003) også punkter om det å gjenkjenne og forstå følelser, å gjøre sitt beste på skolen, problemløsning, det å kontrollere sinne, opptre vennlig og vennskap med andre barn. Barna fortalte om konkrete episoder fra hjemmet eller barneprogrammet «Dinosaurusskolen» som bidro til utdyping av det opprinnelige svaret. Intervjuene ble foretatt i etterkant av barnas deltakelse i «Dinosaurusskolen». Under intervjuene med barna ble det benyttet en hånddukke som fremstår som «en venn» av en sentral dukke i barneprogrammet. Dette for å legge til rette for en «god match», at det ikke medførte former for ubehag hos barnet og for å fremme en atmosfære hvor barna kunne føle seg trygge til å snakke åpent om egne erfaringer og følelser.

Utvvalg Barna som deltok i intervjuene har diagnoser (hyperkinetiske forstyrrelser F90- adferdsforstyrrelser / F91- Conduct Disorder CD / Oppositional Defiant Disorder ODD) som er knyttet til adferdsvansker (klassifiseringssystem ICD-10/ DSM-IV (American Psychiatric Assn Washington DC US, 1994). Samtlige barn er screenet og vurdert og har fått skåre over klinisk cut-off (90 %) målt med Eyberg Child Behavior

Inventory (ECBI). Alle barna møtte kriteriene for enten opposisjonell adferdsforstyrrelse (ODD) eller adferdsforstyrrelse (CD) utført med KIDDIE SADS diagnostiske manual (Kaufman et al., 1997). De har kognitive evner innen normalvariasjonen for sitt alderstrinn. Dette er barn som strever med sitt temperament, argumenterer og krangler med voksne, strever med å forholde seg til regler, anklager andre for egne feil og har vansker med å ta andres perspektiv.

